

Årsmøte i Holmavika Hamnelag SA - Referat

Måndag 5. februar 2018 klokka 19:00 – 21:15 i Idrettslaget sitt klubbhus

Det møtte 20 røysteføre medlemmar.

Godkjenning av innkallinga. VEDTAK: Godkjend. Samrøystes.

Val av møteleiar. VEDTAK: Inge Bakke. Samrøystes.

Val av referent. VEDTAK: Ole Bosnes. Samrøystes.

Val av to til å skrive under møteprotokollen. VEDTAK: Jan Lundebrekke og Atle Nøstdal. Samrøystes.

SAKER

1. Årsmelding.

VEDTAK: Godkjend utan merknader. Samrøystes.

2. Rekneskap

- a. Revisoruttale
- b. Resultat
- c. Balanse

VEDTAK: Rekneskapen vart godkjend utan merknader. Samrøystes.

3. Fastsetjing av

- a. Årleg medlemskontingent. Framlegg frå styret: Uendra (1500 kr).
VEDTAK: Årleg medlemskontingent vert auka til 2000 kroner. 14 røyster for, 6 røyster mot.
- b. Storleik på andelar. Framlegg frå styret: Uendra (Sjå vedtektene).
VEDTAK: Uendra. Samrøystes.
- c. Frikjøp dugnad. Framlegg frå styret: Endrast frå 800 kr til 1000 kr.
VEDTAK: Framlegget frå styret. Samrøystes.
- d. Prisar ved slipping. Framlegg frå styret: Slippsetting for ikkje-medlem med hamnelaget si vogn endrast frå 2000 kr til 1200 kr. Slippsetting for medlem blir 400 kr som før.
VEDTAK: Framlegget frå styret. Samrøystes.
- e. Straumavgift. Framlegg frå styret: Uendra (700 kr). Styret vart bedt om å vurdere løsnings med straummålarar.
VEDTAK: Framlegget frå styret. Samrøystes.

4. Budsjett

VEDTAK: Framlegget frå styret vart vedteke med ei auke i posten for årleg medlemskontingent i samsvar med vedtaket i punkt 3a ovanfor. Samrøystes.

5. Val

VEDTAK: Framlegget frå valkomiteen vart vedteke utan endring. Samrøystes.

Tillitsvalde for 2018 vart:

Leiar	Ole Bosnes (1 år)	Revisorar:
Nestleiar/hamnesjef	Terje Edvardsen (2 år)	Bjørn Berge (ikkje på val)
Styremedlem	Arne Hjertenes (2 år)	Ove Hoddevik (2 år)
Styremedlem	Dagfinn Grøttå (1 år)	Valnemnd:
Styremedlem	Inge Bakke (1 år)	Geir-Ove Liseth (ikkje på val)
Varamedlem	Bjørn Jensen (ikkje på val)	Atle Nøstdal (2 år)

6. Saker frå medlemmane

- a. Det kom ingen saker frå medlemmane innan fristen 15. januar 2018.

7. Saker frå styret

- a. Nytt styremedlem. Framlegg frå styret om eit femte styremedlem.
VEDTAK: Framlegget frå styret vart vedteke utan merknader. Samrøystes.
Nytt punkt i paragraf 5 i vedtektene:

Eit styremedlem

1. er ansvarlig for vanleg drift av klubbhuset inklusiv, reinhald, vedlikehald av inventar, opningstider, innkjøp og utleige.
2. Styremedlemmet kan knyte til seg ei nemnd på på maksimalt 2 medlemmar i tillegg til seg sjølve.
3. er ansvarleg for å melde trong for vedlikehald, utbetringar og større innkjøp til styret.

- b. Omsetting og utleige av båtplassar. Framlegg frå styret om å overføre all omsetjing og uleige av båtplassar til styret.
VEDTAK: Framlegget frå styret vart vedteke med nokre språklege endringar. Samrøystes.
Nye reglar i vedtektene vedrørande omsetning og utleige av båtplassar:

Prisar og betaling

1. **Prisar ved sal/kjøp av båtplass**

Kjøpar skal betale andelsinnskot i samsvar med vedtektenes paragraf 3, pluss eit kjøpsgebyr på 5 % av andelsinnskotet, til hamnelaget sin bankkonto. Betalingsfrist 14 dagar. Innan fem virkedager etter innbetaling frå kjøpar, skal andelsinnskotet utbetalast til seljar. Hamnelaget skal behalde kjøpsgebyret.

2. **Prisar ved utleige av båtplass**

Årsprisen for utleige er 10 % av andelsinnskotet for plassen. Månadsprisen er 1/12 av dette. Leiga skal betalast forskottsvis til hamnelaget. Hamnelaget beheld 10 % av leigeinntekta. Resten vert utbetalt til utleigar innan utgangen av desember kvart år.

Vedtektene på heimesida er no oppdatert med alle endringane som vart vedteke på årsmøtet.

Møtet slutt.

Jan Lundebrekke

Atle Nøstdal